



Vedlegg sak 6 b/ 2018

## **Forslag til kriterier for val av kommunar og tiltak inn i programmet. Drøftingsak.**

### **Regelverket:**

Regelverket til tilskotsordninga viser til at fylkeskommunen skal utarbeide kriterier for korleis søkjar kommunar og tiltak, skal veljast ut/inkluderast i tilskotsordninga. Dette gjeld tiltak som skal finansierast gjennom tilskotsordninga.

Kriterierane skal vere i tråd med bakgrunn i regelverket og programskildringa for tilskotsordninga, og mellom anna innehalde tematisk innretting av tiltaka, krav om medverknad og krav om evaluering og rapportering.

Framlegg til kriterier frå Hordaland fylkeskommune er bygd på regelverket.

### **Overordna føringar:**

Kommunane er tiltakseigar: Prosjektskissa frå kommunar som tiltakseigar skal byggjast opp ved å beskrive programarbeidet i tråd med kriterier vist under. Gjennom prosjektutviklinga kan det seinare bli opna for vidareutvikling/endringar i samarbeid med andre prosjektkommunar i fylket etter råd frå samarbeidsorganet.

Hordaland fylkeskommune vil ha ei koordinerande rolle for å sikre at programarbeidet i Hordaland vert evaluert og gjennomført slik at det vert tilrettelagt for forskning om det er hensiktsmessig og for å sikre kompetanse knytt til evaluering av folkehelseiltak.

Om fleire kommunar enn det er rom for å ta opp i programmet, vil ei heilskapsvurdering bli lagt til grunn for opptak i programmet. Kommunar som samla vert vurdert til å fylle opptakskrava best vil bli prioriterte.

Søkjar kommunen sender søknad til Hordaland fylkeskommune med ei førebels skildring av planlagt programarbeid. Sak 7 handlar om stegvis opptak av kommunar over fleire år og førebelse søknadsfristar.

### **Dialog med kommunane:**

Utkast til kriterier er drøfta med kommunane i møte den 15.01.18.

### **Til drøfting: Forslag til kriterier for val av kommunar og tiltak:**

Kommunane skal sende ei prosjektskissa som skal bygge inn kriterier under. Søknadsprosessen er omtala i sak 7.

Kriterier for programarbeidet i Hordaland baserer seg på at tiltaka skal:

- Fremje livskvalitet, psykisk helse og/eller rusførebyggjande arbeid knytt opp mot overordna mål /mål, og val av tema for programmet i Hordaland.

- Vere retta mot barn og unge mellom 0-24 år. Kommunane treng ikkje utvikle tiltak for heile målgruppa.
- Inkludere og involvere målgruppa i utvikling av tiltaka.
- Legge til rette for samarbeid mellom ulike aktørar både i kommunen, og i programmet.
- Etablere samarbeid med kunnskap- og forskingsmiljø for utvikling av kunnskapsbaserte tiltak som kan evaluerast.

### 1) Lokalt kunnskapsgrunnlag/lokale kunnskapsoversikter

- Vise korleis prosjektet byggjer på (inkl. val av fagleg ståstad) utfordrings- eller ressursbildet skildra i kommunen sitt oversiktsarbeid. Skildringa skal vere kunnskapsbasert ut i frå korleis kunnskap om påverknadsfaktorar og samanhengar er knytt til barn og unge, psykisk helse og/eller rus.
- Vise korleis kommunen har tenkt å nytte deltaking i programmet for å få fram ny kunnskap, enten kvalitativ eller kvantitativ kunnskap, i tråd med folkehelselova § 5.

### 2) Plan for forankring og organisering av arbeidet

- Politisk forankring av deltaking i prosjektet, ev. plan for politisk forankring av samarbeidsavtale med fylkeskommunen.
- Beskrive administrativt eigarskap, og tverrsektoriell prosjektorganisering.
- Vise korleis deltaking i programmet er forankra i kommunen sine planar.

### 3) Plan for medverknad/deltaking/involvering

- Beskrive korleis kommunen skal involvere barn og unge, og ev. andre målgrupper i prosjektutvikling og utvikling av tiltak. Vise korleis kunnskap henta direkte frå målgruppene er tenkt nytta i arbeidet.
- Vise kva kommunen legg i reell medverknad og korleis medverknad er tenkt innarbeid i programmet gjennom planlegging, utvikling og drift av tiltak.
- Vise om det er plan for samhandling med etablerte organ i kommunen for medverknad i programarbeidet.
- Syne i kva grad kommunen tek sikte på å nytte programdeltakinga for å styrke medverknadsarbeidet i kommunen.

Om samarbeid med frivillige lag og organisasjonar:

Frå 2018 kan kommunen gjennom regelverket overføre midlar til frivillige lag og organisasjonar for gjennomføring av tiltak. Kommunen er framleis tiltakseigar.

- Kommunen må beskrive planlagt samarbeid med frivillige lag og/eller organisasjonar – når, omfang og kva rolle som er tenkt. Særleg leggje vekt på samhandling, ansvarsdeling og rapportering.
- Kommunen må grunngje kvifor samarbeid med frivillig og/eller organisasjon ikkje vert vurdert som aktuelt, dersom dei ikkje er tenkt involvert i arbeidet.

### 4) Plan for gjennomføringa av tiltaket og forventat resultat av tiltaket/a

- Beskrive samsvar mellom prosjektidee og overordna mål/tema for programarbeidet i Hordaland.

- Beskrive kva type tiltak som er tenkt gjennomført i programarbeidet – innovasjonsgrad og plan for gjennomføring av desse. Beskrive også kva som er tenkt føremålet og nytten med tiltaket.
- Bør innehalde kort om mål, metode og førebels gjennomføringsplan med innhald av organisering, tidsplan og aktivitetar for dei ulike tiltaka.
- Beskrive korleis kommunen har tenkt å nytte kompetanse breitt i kommunen, og i samarbeid med andre kommunar (om det er aktuelt).
- Beskrive på kva måte kommunen tenkjer tiltaket/tiltaka er helsefremjande og befolkningsretta.
- Beskrive korleis kommunen tenkjer at programarbeidet vil fremme psykisk helse og/eller utvikle det rusførebyggjande arbeidet.

#### 5) Plan for evaluering og rapportering

- Beskrive korleis tiltaka i prosjektet er tenkt evaluert, kva type evaluering som er planlagt.
- Beskrive korleis kommunen planlegg samarbeid med kunnskaps- og forskingsmiljø, og korleis kommunen tenkje å leggje til rette for medverknad, evaluering og forskning i programarbeidet.
- Beskrive korleis kommunen vil dele erfaringar og kunnskap frå prosjektet.

-----  
*Til samarbeidsorganet: Kan dette også vere hensiktsmessig å ta med?*

- Vise om kommunen har kompetanse knytt til evaluering av tiltak (ikkje naudsynt med folkehelseprosjekt) som kan nyttas i programarbeidet. *(ikkje eit krav -Ønskjeleg kriterium?)*
- Vise om kommunen har kompetanse knytt til forskning (ikkje naudsynt med folkehelseprosjekt) som kan nyttas i programarbeide. *(ikkje eit krav- Ønskjeleg kriterium?)*

#### 5) Administrative rammer

- Legge ved budsjett for utviklingsarbeidet i tråd med oppbygging av budsjettmal som vil ligge ved søknaden.
  - Budsjett må syne korleis kommunen som tiltakseigar vil nytte midlane (frikjøp av prosjektleiing, reise, arr., møter, konferansar, konsulentar, mindre utkjøp av utstyr, driftsutgifter, overføringar til frivillig sektor mm.)
  - Eigen finansiering og ev. anna finansiering enn gjennom midlar frå Helsedirektoratet.
  - Plan for rapportering og framdriftsplan.
- ⌘ Nærmare om krav for interne og ekstern kontrolltiltak vil kome fram i utlysing av ordninga.

Det skal utviklast samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane som legg rammer for prosjektarbeidet, samhandling og rapportering mm.

Det kan bli mindre justeringar.